

Oslo, 20. januar 2017

Statsråd Anniken Hauglie

Arbeid- og sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep, 0300 Oslo

Innspel til statsbudsjettet 2018

Unge funksjonshemmede er ein uavhengig interesseorganisasjon for 35 frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, som til saman har over 25 000 medlemmer. Me er ein sentral kunnskapsleverandør og samarbeidspartnar for alle som arbeider med inkluderanse arbeidsliv, helse og organisasjonsutvikling for unge med funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdommar. Unge funksjonshemmede sitt overordna mål er full deltaking og likestilling for funksjonshemma ungdom.

Med dette tillèt me oss å komme med våre innspel til statsbudsjettet for 2018. Me ser fram til fortsatt godt samarbeid med statsråden i tida framover.

Auka satsing på ungdom med nedsett arbeidsevne

Regjeringa si ungdomssatsing erstattar frå januar 2017 dei tre garantiordningane for unge ledige. Me meiner at måla og tiltaka i satsinga ikkje er tilpassa unge med nedsett arbeidsevne og at det ikkje er satt av nok midlar til å nå dei måla som er satt. Me fryktar at satsinga ikkje vil hjelpe unge med nedsett arbeidsevne ut i arbeid fordi styringssignalet til NAV-kontora er for svakt til at ein kan sikre prioritering av unge med nedsett arbeidsevne.

Unge funksjonshemmede ber som ei auka satsing på ungdom med nedsett arbeidsevne, og at det gis tydelige føringar i budsjettet for at NVA prioriterer tiltak retta mot unge arbeidssøkarar med nedsett arbeidsevne, samt betre IA-verktøy på feltet. Enkelte NAV-kontor har i dag etablert særlege ungdomssatsingar, og statsbudsjettet 2018 bør sikre at ei lokal ungdomssatsing over heile landet.

Auka bruk av utdanning som arbeidsmarknadstiltak

Utdanning er nøkkelen til å få jobb, og denne nøkkelen er særlig viktig for ungdom med funksjonsnedsettingar. Forsking viser at utdanning er endå viktigare for denne gruppa enn for andre når det gjeld å få innpass på arbeidsmarknaden. Dessverre ser me at utdanning som arbeidsmarknadstiltak ikkje blir nytta i stor nok grad.

Frå 1. oktober 2016 blei aldersgrensa satt ned frå 26 til 22 år. Dette er me svært glade for, men samtidig er me svært bekymra for at unntaksreglane, som tidligare gjorde det mogleg å innvilga tiltaket for personar som var yngre enn aldersgrensa, blei fjerna. Tidligare sikra desse reglane at personar under aldersgrensa som (1)

tidligare hadde starta på eller gjennomført ei utdanning som dei ikkje lengre kunne gjere seg nytte av på grunn av helsetilstanden, (2) personar som ikkje kan gjennomføre studie på normert tid og som derfor vil få ekstra kostnader knytt til utdanninga, og (3) personar der framtidige inntjeningsmogelegheiter blir vesentleg redusert på grunn av sjukdom, skade eller lyte også hadde rett på utdanning som arbeidsmarknadstiltak.

Den 1. oktober blei det også fastsett at ein berre kan forlenge tiltaksperioden med eit år utover den ordinære grensa på tre år. Me er sikre på at dette er eit klart hinder for at unge med funksjonsnedsettingar og behov utdanning støtta gjennom NAV skal fullføre eit utdanningsløp som hjelper dei inn i arbeid.

Unge funksjonshemmede ber om at unntaksreglane for personar under aldersgrensa blir innført på ny og at tiltaksperioden igjen blir tidsuavgrensa. Me ber også om at rammebevillinga til tiltaket blir auka.

Jobbstrategien og auka bistand til uføretrygda personar som ynskjer å arbeide

Verkemidla i Jobbstrategien er gode, men blir nytta i for liten grad. Derfor ønsker vi økt bevilling til tiltak i jobbstrategien.

Uførereforma har gjort det enklare å kombinere trygd med arbeid, men mange har behov for støtte frå NAV for å finne den riktige arbeidsplassen og arbeidsgivaren. I dag er det slik at uføretrygda ikkje har rett på denne oppfølginga om det ikkje er svært sannsynleg at uføregrada blir satt ned. Unge funksjonshemmede har undersøkt tilhøva for unge uføre som ynskjer å arbeide litt, og alle oppgjer at dei saknar støtte frå NAV.

For å gi fleire unge uføretrygda ein meir reel mogelegheit til å arbeide ved sidan av trygda, ber me om at gruppa blir inkludert som målgruppe for Jobbstrategien. Unge funksjonshemmede ber også om auka bevilling til tiltak i jobbstrategien for personar med nedsett funksjonsevne.

Fleire tiltaksplassar for personar med nedsett arbeidsevne

I statsbudsjettet for 2017 blei det ikkje satt av midlar til nye tiltaksplassar for personar med nedsett arbeidsevne. I dag er det ventelister som ofte fører til lang ventetid for ein får ein tiltaksplass. Det er viktig at unge for kjem ut i arbeid og aktivitet.

Unge funksjonshemmede ber om eit auka tal plassar i arbeidsmarknadstiltak for personar med nedsett arbeidsevne,

Med vennleg helsing

Camilla Lyngen

Camilla Lyngen

Styreleder

camilla@ungefunksjonshemmede.no

918 46 984

Synne Lerhol

Synne Lerhol

Generalsekretær

synne@ungefunksjonshemmede.no

480 93 590